


SOKNERÅDET SIN ÅRSRAPPORT 2011 for



VIKEBYGD KYRKJE og KYRKJELYDEN I VIKEBYGD

Kyrkjeleg organisasjon:

Vikebygd Sokn tilhører Vindafjord Fellesrådsområde, i Nordre Ryfylke prosti av Stavanger Bispedømme. Ved årsskiftet var det 524 medlemar i Vikebygd sokn.

Vikebygd Sokneråd sitt hovudansvar er dei kyrkjelydsbyggjande tiltaka og det kristelege livet i soknet. Rådet skal ha si merksemd retta mot dei arbeidsformer som her er for barn, ungdom, vaksne og eldre, i kyrkjebygget, men og i kristen samanheng elles i bygda. Noko av dette er presentert i denne årsmeldinga.

Soknerådet hadde i 2011 sju ordinære møter, og handsama i alt 54 saker. Arbeidsutvalet har hatt 2 møte. Vikebygd sokneråd vedtok 30. aug 2010 ein ny strategiplan for dei neste fem åra (fram til 2015).

Soknerådet har òg kome med innspel til ein strategiplan som er for Vindafjord fellesområde (2010 – 2015). Det er desse planane som skal vera førande for soknerådet si prioritering dei komande åra

Soknerådet si prioritering dette året har vore:

- a. Trusopplæring gjennom eiga trusopplæringsnemnd, lokalt og saman med andre sokn
Her vil god oppfølging av konfirmantane og konfirmantopplæringa vera prioritert.
- b. Diakonalt arbeid gjennom eiga diakoninemnd, lokalt og saman med andre sokn.
Besøksteneste, helsing på merkedagar og forbøn vil vera viktige tiltak.
- c. Vedlikehald av kyrkjebygget, gjennom eiga nemnd som skal fylgia opp ekstraordinært vedlikehald. Dette er fellesrådet sitt ansvar, men soknerådet vil vera ein pådrivar.
- d. Innsamling av midlar til ekstraordinær oppussing før jubilæet i 2012
- e. Planlegging av kyrkjejubilæet i 2012 med tanke på arrangement, program, jubileums skrift mm.
- f. Forholdet til nabosokna, der Vikebygd sokneråd vil vurdera nærmere tilknyting til Skjold og Vats sokn.
- g. Forholdet til, og samarbeidet med, Vikebygd bedehus og organisasjoner.
Med få gudstenester i Vikebygd er det viktig å byggja kristenlivet i bygda opp om eit fellesskap kyrkje – bedehus.
- h. Auka presteressursar i Vikebygd, i tråd med rapport frå bispevisitasen må arbeidast inn som ein del av samarbeidet kyrkje – bedehus – trusopplæring – diakoni.
- i. Arbeide med å få i gong ungdomsklubb i bygda.

Soknerådet har informasjonssider på Internett. Steinar Skartland redigerer og oppdaterer desse. Soknepresten har sytt for plakatar i forkant av gudstenestene.

Årsmøtet for kyrkjelyden var lagt til gudstenesta den 20. mars, kombinert med kyrkjekaffi. 13 personar deltok på møtet.

REPRESENTANTAR I SOKNERÅDET til og med september 2011.

- | | |
|-------------------------------|--|
| - Brit Nelly Ness Tveit | - Leiar i Soknerådet, Arbeidsutval, trusopplæringsnemnda |
| - Dag Hans Nagel-Alne | - Nestleiar og representant i Fellesrådet |
| - Steinar Skartland | - Sekretær, arbeidsutval og misjonskontakt. |
| - Ellen Skretteberg | - SR-medlem og medlem i dikoninemnda |
| - Rolf Alne | - SR-medlem og medlem i diakoninemnd |
| - Berge Thomas Velde | - SR-medlem |
| - Johannes Nedrelid | - Sokneprest |
| - Jenny Kristine Svendsbøe | - 1. varamann |
| - Geir Mandius Vårvik | - 2. varamann |
| - Marit Elise Erdal (3.v.m.), | Anna Marie Bjørnevik (4.v.m.), Alfred Trovåg (5.v.m.) |

DET VAR VAL AV NYTT SOKNERÅD I SEPTEMBER 2011

REPRESENTANTAR I DET NYE SOKNERÅDET frå oktober 2011

- | | |
|-------------------------|---------------------------|
| - Brit Nelly Ness Tveit | - Leiar, diakoninemnd |
| - Rolf Alne | - Nestleiar, diakoninemnd |
| - Øyvind Valen | - Sekretær |

- | | |
|--|---|
| <ul style="list-style-type: none"> - Dag Hans Nagel- Alne - Karolina Fisk Eide - Brita Laugaland - Johannes Nedrelid - Jarle Årvik - Hilde Stene Bauge | <ul style="list-style-type: none"> - Representant i Fellesrådet - SR- medlem og medlem i trusopplæringsutvalet - SR- medlem og medlem i diakoninemnd - Sokneprest - 1.varamann - 2.varamann |
|--|---|

VINDAFJORD KYRKJELEGE FELLESRÅD.

Fellesrådet har ansvar bygg, eigedomar og arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette. Representant frå Vikebygd var Dag Hans Nagel-Alne med Brit Nelly Ness Tveit som personleg varamann.

ANDRE NEMNDAR OG KONTAKTAR:

Arbeidsutvalet: Brit Nelly Tveit, Dag Nagel Alne og Steinar Skartland

Diakoniutval: Brit Nelly Tveit , Rolf Alne og Ellen Skretteberg.

Trusopplæringsutval: Kjersti H. Bjerga (leiar) og Brit Nelly Ness Tveit.

FUT (Felles utval for trusopplæring i Vindafjord): Kjersti Bjerga

Gustenesteutval: Soknerådet

Jubileumsnemnd: Dag Nagel Alne, Jenny Svendsbøe, Steinar Skartland og Johannes Nedrelid

Jubileums skrift.: Jens Tveit, Liv Nagel – Alne og Anders Sørhus

Arbeidsgruppe vedlikehald av kyrkja: Dag Nagel Alne, Rolf Alne og Arne Tveit

KYRKJA OG KYRKJEGARDANE

Vikebygd kyrkje har dette året hatt ei storstilt utvendig restaurering. Kyrkja er sandblåst og pussa med kvit silikatpuss. Alle vindauge er kitta og måla. På sørsida er i tillegg alle glasrutene tatt ut, og karmar og sprosser er reingjort og nokre bunnkarmar er skifta ut.

Lukene i tårnet er reparert, og mykje av beslag og takrenner er reparert eller utskifta, Utelampene er restaurert og det er skifta ein del dårlege lysbrytarar innvendig.

Laus skifer på inngangstrapper er limt og fuga på nyt.

Det gjenstår ein del dugnadsarbeid med måling av treverk i gavlar og gjerdet rundt kyrkja / kyrkjegardane samt reperasjon av portalane. Det vert og jobba med å få til ein god og teneleg inngang for rullestolbrukskarar. Arbeidsgruppa vil jobbe med å få dette ferdig før 75 års jubileet i september

KYRKJELEG TILSETTE SOM HAR HATT TENESTE I SOKNET

Kyrkjeverje	Inghart Lasse Tveit
Sokneprest:	Johannes Nedrelid
Kantor/Organist:	Nelly og Jury Kotkovich
Kateket:	Britt Karstensen
Reinhold:	Anne Bjørg Birkeland.
Kontortenester:	I noko grad har ein hjelp frå kyrkjekontoret. Det meste vert utført på dugnad.

Andre tenester: Både klokkar og kyrkjetenar er utført på dugnad dette året. Det er gjort avtale med kyrkjeverje at kyrkjelyden får utbetalt pengar for arbeidet. Soknerådet får til saman kr 25 000 for dette arbeidet

75 ÅRS JUBILEUM

Dei ulike nemndene har jobba med program og skriv til jubileet. Feiringa av kyrkja vil skje i veke 38. Det startar med "Sprell levande" gudsteneste 16.sept der 4 åringer får bibel, vidare vert det jobba med to ulike arrangement i veka, og me avsluttar med Festgudsteneste 23.september i kyrkja med påfølgande middag på bygdahuset

Jubileumsskriv er under arbeid

SOKNERÅDET SINE ARBEIDSFELT

MISJON:

Kyrkjelyden i Vikebygd har avtale med NMS om misjonsprosjektet: Landsbybygging i Bara provinsen på Madagaskar. Soknerådet har samla inn midlar med kyrkjefoffer. Soknerådet vedtok i januar 2011 å fortsetje med same misjonsprosjekt. Grunngjevinga vår var at det var eit godt engasjement både rundt misjonsprosjektet, og vennskaps prosjektet mellom Ihosy og Vindafjord, som me kan byggje vidare på.

DIAKONIARBEID.

Diakoniutvalet har ansvar for blomehelsing ved fylte 70, 80 og 90 år. Utvalet skal også leggje til rette for besøks- og forbørnenestene i soknet.

Diakoniutvalet hadde ansvar for fest for konfirmantar og familie rett etter samtalegudstenesta 3.april.

Soknerådet har ansvar for at det skal lagast ein plan på diakoniarbeidet.

GUDSTENESTEREFORM OG GUDSTENESTEUTVAL

Soknerådet har satt ned eit utval beståande av Øyvind Valen, Brita Laugaland og Johannes Nedreliid som jobba med ny gudstenesteordning for Vikebygd kyrkjelyd som skal tre i kraft 1.søndag i advent

GUDSTENESTER og STATISTIKK	Ant.	Gj.snitt deltaking	Deltaking i alt
Døypte:	4		
Vigsler:	1		
Gravferder:	7		
Forordna gudstenester (A)	16	80	1294
Samtale gudsteneste	1		41
Konfirmasjonsgudsteneste	1		212
Gudstenester med nattverd (inngår i A)	7	16	113
Familiegudstenester (inngår i A)	4	149	598
Gudsteneste for skulen (inngår i A):	1		101
Konfirmantar våren 2011	7		

Statistikken viser lita endring frå år til år. Tala viser at me har godt frammøte på gudstenester der me involverer mange, slik som t.d." sprell levande" og Ijosmessa.

På grunn av oppussinga av kyrkja var ho stengd frå 15.juli til 30.oktober.

Det vart halde to gudstenester på bedehuset og gudstenesta 14.august vart halden ute i parken.

To vigsler vart haldne i parken medan gravferder vart haldne i Skjold kyrkje.

Soknerådet inviterte 50 års konfirmantar til gudsteneste 16.okt på bedehuset.

TRUSOPPLÆRING

Soknerådet skal ha ein trusopplæringsplan som skal gje systematisk opplæring og oppfølging av alle døypte i alderen 0 – 18 år. Denne er ikkje laga enno og blir eit viktig arbeid for oss i tida framover

Kjersti H Bjerga er leiar i trusopplæringsutvalet og Brit Nelly Tveit var medlem .

I arbeidet med trusopplæringer har fellesområdet i Vindafjord danna eit "Felles Utval for Trusopplæring" (FUT).

Kjersti H Bjerga har representert Vikebygd.

Dette utvalet har jobba med å sjå kva tilbod som er i bygdene og kva tilbod me må jobbe med å få til, og kor me kan dra nytte av tilbod på tvers av bygdene. Staten har lova midlar, og deler desse ut prostivis. Ryfylke prosti har ikkje fått midlar enno. Det vert jobba med å få til satt ein kyrkjelyspedagog som kan hjelpe å utarbeide eit godt trusopplæringsarbeid i dei ulike sokna. Denne stillinga er tenkt løna gjennom givarteneste og gåver frå sokna. Vikebygd Sokneråd garanterer for 13 000 kr i året, midlar som me får inn gjennom dugnadsarbeid som klokkar og kyrkjeterar.

Det har vore eit samarbeid med Skjold og Vats kring trusopplæring. Mellom anna hadde denne gruppa ansvar for inspirasjonssamlinga for heile kommunen i haust, der "han innante", Toralf Nordbø deltok.

Arbeidet i denne gruppa er i startgropa enno, men ein så liten kyrkjelyd som Vikebygd vil vera avhengig av samarbeid med andre for å få til ein god trusopplæringsplan. I gruppa representerte Brit Nelly Tveit Vikebygd

Britt Karstensen har 50% stilling som kateket i prestegjeldet. I Vikebygd har ho delteke på møter med trusopplæringsnemnda ,og ho har hatt oppgåver i samband med planlegging og gjennomføring av "Sprell levande gudstenesta" og samling laurdagen for 4 åringane. Anna kvart år har ho påskevandring og "skattejakt", i samband med pinse for barnehagebarn.

I år vart alle barn i Vikebygd født i 2005 og 2006 invitert til "skattejakt". Ho var med å arrangerte adventssamling på bedehuset i samarbeid med barnehagen og Tripp – Trapp.

4 års fase

Alle barn som er 4 år får tilbod om å få barnebibelen når dei fyller 4 år. Bibelen vart utdelt på hausstakkefesten, som vart feira med "Sprell levande gudsteneste". Sprell levande er eit konsept som er utarbeida av Søndagsskule forbundet. Laurdagen vert 4 åringane invitert til ei samling i kyrkja

Trusopplæringsnemnda har saman med kateket Britt Karstensen ansvar for gjennomføringa av både samlinga på laurdagen og gudstenesta søndag.

Soknerådet ynskjer at opplegget rundt 4 åringane skal bli eit fast tilbod, som går inn i trusopplæringsplanen vår.

11 års fase.

Bibel: Alle barn som går i 5.klasse får utdelt bibel (første søndag i januar, i 2011 16.jan)

Opplæring: Trusopplæringsnemnda arrangerte ei samling på bedehuset der barna fekk undervisning i bibelen. Brit Nelly Tveit og Kjersti Bjerga hadde ansvar for undervisninga.

Leir: I februar fekk 5.klassingane tilbod om leir saman med barn frå Skjold, Vats, Nedstrand og Skjoldastrumen. Åtte barn frå Vikebygd deltok. Brit Nelly og Arne Tveit var med som leiarar.

Lys Vakenvaken: Natt til første søndag i advent vart 5.klassen som tok til i haust invitert å overnatte i kyrkja. Dette vart eit vellukka arrangement der 9 born og 2 vaksne overnatta i kyrkja. Leiarar og ansvarlege for "Lys Vakenvaken" er Iren Bjørnevik, Kjersti Torland og Brit Nelly Ness Tveit

Soknerådet ser opplegget rundt 11 års fasen er eit viktig bidrag i trusopplæringa og ynskjer at dette skal bli eit fast tilbod for 11 åringane i bygda.

Konfirmantarbeid

Det var 7 konfirmantar våren 2010.

Martin Ivar Arnesen har hatt ansvar for det meste av undervisninga. Konfirmantleiren vart arrangert saman med Skjold og Vats.

Soknerådet har ansvar for å skaffe leiar til undervisninga i Skjold og til leiren. Gruppeleiar dette året har vore Brit Nelly Ness Tveit. Leiarar til leiren var Mona Larsen og Sunniva Tveit

Konfirmantane var bøsseberarar i Kirkens Nødhjelp fasteaksjonen, og det kom totalt inn kr 12 535

Soknerådet arrangerte fest for konfirmantane på bedehuset den 3. april rett etter samtalegudstenesta.

Konfirmantkullet som tok til hausten 2011, tel 7 ungdomar.

Anna viktig tilbod innan trusopplæring i Vikebygd:

Laurdagsskulen ("søndagsskulen").

Tilbod til born i alderen 4-10 år

Hovudleiar er Kjersti Hausberg Bjerga, saman med Lene Liudden, Jone Bjerga og Steinar Skartland.

Tripp Trapp er eit tilbod til born frå 0-6 år m/foreldre, på bedehuset ein fredag kvar månad, klokka 11-12.30.

Ansvarleg har vore Grethe Koltveit, Lena Fisk Eide og Kjersti Bjerga.

KFUK-KFUM Speidarane

Speidaren hadde 60 medlemmar frå 3. klasse og oppover. Vi viser til speidarane si årsmelding. Leiarar for småspeidarane er Inger Marie Bjerga, Ola Harald Alne, Elin Næsse og Alfred Trovåg. Leiarane i storspeidarane har vore Håvard Tveit, Iselin Tveit, Johannes Skartland, Mona Larsen og Per Øyvind Valen. Speidarane deltok aktivt i 2 gudstenester (17. mai og ljosmassa).

Speidarane har heimeside på internett, med adr.: speidaren.vikebygd.org

ULIKE FORENINGAR I VIKEBYGD KYRKJELYD

Kontaktpersonar for dei ulike foreiningane i Vikebygd som har møter på bedehuset har vore:

- Den Ytre Sjømannsmisjonen: Anne Lise Auestad (Aktiv foreining i Vikebygd, årleg basar)
- Normisjon: Martha Tveit (Aktiv foreining i Vikebygd, årleg basar)
- Indremisjonen: Sigrun Vik og Jens Tveit

Drift og aktivitet på bedehuset er som tidlegare år. Viser til eiga årsmelding for bedehuset.

AKTIVITETSPLAN FOR KYRKJELYDEN, KYRKJELYDSBLAD OG INTERNETT

Soknerådet har sendt ut to halvårs aktivitetsplanar til alle husstandane i soknet med oversikt over gudstenester, Laurdagsskulubb, møter på bedehuset og andre arrangement i kyrkjelyden. Informasjon vert også lagt ut på internett-adressa: kyrja.vikebygd.org

Kyrkjelydane i Vindafjord samarbeider om å gje ut kyrkjelydsbladet 'Hyrdingen' der det er informasjon også frå Vikebygd. Bladet kjem gratis til alle husstandar.

ØKONOMI

Soknerådet sin rekneskap blir ført av kommunekassa via kyrkjeverja. Soknerådet har tilfredstillande økonomi.

Behaldning / fond pr. 31.12.11 var kr 207 161 Av dette er avsett midlar til ljosglobe som er under produksjon, med kr 11.500 og 79 820 til kyrkjebygg

Offer/Innsamling:

		kronbeløp:
Talet på offer i alt:	16	Kr 42 920,00
Tal på offer til kyrkjelydsarbeid:	3	Kr 9 670,00
Tal på offer til misjonsprosjektet:	2	Kr 10 223,50
Innsamla beløp i fasteaksjonen:		Kr 12.535,00
Innsamling til kyrkjebygg / jubileet		Kr 79 820,00

Soknerådet ynskjer å rette ein takk til alle som stiller opp og er positive til kyrkjelydsarbeidet i bygda.

Brit Nelly Ness Tveit, Leiar